
Alderspensionistar som bur i utlandet

Av: ODDBJØRN HAGA

SAMANDRAG

Talet på alderspensionistar som bur i utlandet har auka mykje dei siste åra. I 1990 var dei færre enn 6 000, i 2007 om lag 27 000. Talet veks jamt med knapt 1 500 i året. På grunn av den auka arbeidsinnvandringa må vi rekna med at talet vil veksa i mange år framover. Det ser ut til at om lag 75 prosent av pensjonistane som bur i utlandet er folk frå andre land, som har arbeidd i Noreg nokre år, og så flytta attende til heimlandet. Nesten halvparten bur i Norden. Om lag 94 prosent bur i EU eller Nord Amerika. Dei har i gjennomsnitt ein pensjon frå Noreg som er under halvparten av det dei som bur i Noreg har.

ALLE PENSJONAR BETALT GJENNOM NAV UTLAND

Fleirtalet av dei som mottok ein pensjon frå Noreg i utlandet bur i Norden, andre EØS-land eller i Nord-Amerika. Klart flest er busett i Sverige, som aleine har om lag 36 prosent av pensjonistane som bur i utlandet. Også USA, Spania og Danmark har ein stor del av dei utanlandsbuande pensjonistane, sjå tabell 1.

Det blei betalt om lag 3 milliardar kroner til pensjonar gjennom NAV Utland i 2006. Til alderspensjon blei det betalt 1,5 milliardar, som er 1,7 prosent av dei samla utbetalingane til alderspensjon. Alderspensionistane som budde i utlandet ved utgangen av 2006, utgjorde 4,2 prosent av alle alderspensionistane.

ALDERSPENSJON

Gjennomsnittleg pensjon for utanlandsbuande var 69 300 kroner, for kvinner var den 56 200 kroner og for menn 83 600 kroner. Dette er vesentleg lågare enn for pensjonistane som er busette i Noreg. Desse har ein gjennomsnittleg pensjon på 163 999 kroner.

Halvparten av dei utanlandsbuande kvinnene hadde ein pensjon lågare enn 0,5G - om lag 35 000 kroner (sjå faktaboks om desilar og median). Tilsvarande var medianpensjonen for busette på 1,8G – 126 000 kroner. Utanlandsbuande menn hadde ei medianinntekt på 0,6 G – 42 000 kroner, mens busette menn hadde ei medianinntekt på 2,9 G – 204 000 kroner.

Utanlandsbuande kvinner har litt lågare trygdetid enn menn, men skilnaden er ikkje særleg stor (sjå figur 3). Medianen (desil 5) er 11 år for kvinner og 12 år for menn.

Alderspensionen i Folketrygda

Alderspensionen består hovudsakeleg av tre komponentar: Grunnpensjon, tilleggspensjon og særtillegg. Dessutan fekk dei som blei pensjonert i 1984 eller tidlegare ventetillegg dersom dei hadde venta med å pensjonera seg til etter første mogelege tidspunkt (67 år).

Grunnpensjonen er lik grunnbeløpet for einslege pensjonistar, og 85 prosent av grunnbeløpet for gifte. Dessutan vert grunnpensjonen redusert forholdsmessig dersom trygdetida (hovudsakeleg lik butid i Noreg frå fylte 17 år) er lågare enn 40 år.

Tilleggspensjonen blir bestemt av gjennomsnittet av pensjonspoenga dei 20 beste åra, og av talet på poengar. Dei årlege pensjonspoenga blir rekna ut ved å dela pensjonsgivande inntekt på grunnbeløpet, og trekkja frå 1 (men den delen av inntekta som er over 6 G tel berre med ein tredel).

Sært tillegg blir gitt til pensjonistar som ikkje har tilleggspensjon, eller har så låg tilleggspensjon at summen av grunnpensjon og tilleggspensjon blir lågare enn minstepensjonen. Høgaste særtillegg er for tida 94 prosent av grunnbeløpet for einslege, og minstesats for gifte er 74 prosent av G.

Grunnbeløpet er no 70 256 kroner.

Minstepensjon for einslege med full trygdetid er 136 296 kroner, og for ektepar der begge er minstepensionistar 251 496 kroner. Maksimal pensjon for einslege er om lag 327 000 kroner.

Tabell 1.

Land med flest mottakarar av pensjon frå Noreg 2007. Alle pensjonar.

Land	Talet på pensjonistar	Land	Talet på pensjonistar
Sverige	14 740	Nederland	525
USA	6 976	Frankrike	474
Spania	4 735	Tyrkia	368
Danmark	4 206	Fillippinene	340
England	1 977	Portugal	299
Canada	1 650	Sveits	283
Tyskland	1 086	Italia	218
Finland	1 040	Belgia	199
Australia	622	Pakistan	198
Thailand	592	Island	170

Tabell 2.

Pensjonistar som mottok pensjon frå NAV utland fordelt på region

Region	Prosentdel
Norden	47
EØS utanom Norden	24
Europa elles	2
Nord-Amerika	21
Latin-Amerika	1
Asia	3
Afrika	1
Australia og Oseania	1
I alt	100

Tabell 3.

Talet på pensjonistar som mottok pensjon frå NAV utland 2006. og utgiftene, etter pensjonstype

Pensjon	Talet på pensjonistar	Prosentdel	Utgifter mill.kroner
Alderspension	25 013	60,7	1 499
Uførepension	8 468	20,6	982
Gjenlevande	1 693	4,1	86
Yrkesskadepension	282	0,7	12
Krigspension	898	2,2	123
Stats- og sjømanns-pension	4 838	11,7	299
Til saman	41 192	100	3 005

Tabell 1, 2 og 3 omhandlar alle pensjonstypene som blir utbetalt gjennom NAV utland. Dei andre figurane og tabellane gjeld berre alderspensjon.

KJELDE: NAV

Regelverk

Ved flytting til land som Noreg ikkje har trygdeavtale med, blir det kravd 20 års butid for å få pensjon frå Noreg. Der- som den utflytta har tent opp tilleggspensjon, vil han få med seg pensjonen også om butida er mindre enn 20 år. Trygdetida blir då sett lik talet på poengår (talet på år det er tent opp pensjonspoeng). Trygdetida må vera minst 3 år. Oppteningstid i andre EØS-land tel også med ved fast- setjing av minstekravet. Ein som har 1 års opptening i Noreg og 2 år i anna EØS-land, oppfyller minstekravet til trygdetid.

Pensjonistar som er busett i eit land med trygdeavtale, får pensjonen rekna ut etter dei same reglane som pensjo- nistar busette i Noreg. Grunnpensjon og særtillegg vert rekna ut frå ei trygdetid som i hovudsak er lik butid i Noreg. Såleis får personar som har budd i Noreg nokre år, men ikkje vore yrkesaktive, med seg ein liten minstepen- sjon om dei til dømes flyttar til eit EU-land, men ikkje nokon pensjon frå Noreg om dei flyttar til eit land utan trygdeavtale, så sant dei ikkje har budd i Noreg i minst 20 år.

Noreg har trygdeavtale med EU og EØS-landa. Dessu- tan med ein del andre land, som USA, Canada, Quebec, Chile, Israel, Serbia, Bosnia og Hercegovina, Kroatia, Tyr- kia, Australia.

Datakjelder

Statistikken er basert på to ulike datakjelder.

Tabellen over pensjonistar etter land og region (tabell 1 og 2) og tabellen over talet på pensjonistar etter pensjons- type, med utgifter (tabell 3), er basert på eit register over utbetalt pensjon. Det er i dette registeret mogeleg å finna ut kva for land pensjonen er betalt til.


Den resterande statistikken er laga med grunnlag i stat- istikkregisteret. Desse to datagrunnlag gjev noko ulike tal. For 2006 var det ifylgje utbetalingsregisteret 25 013 alderspensjonistar som budde i utlandet. Statistikkregiste- ret gir 26 375.

Grunnen til at vi brukar begge registera er at statistikk- registeret ikkje har brukande opplysningar om kva for land pensjonisten bur i, medan det har mange opplysningar som me ikkje finn i utbetalingsregisteret.


Desilar og median

Vi sorterer utvalet eller populasjonen etter stigande verdi av statistikkvariabelen. Desil 1 er den høgste verdien til dei 10 prosent med lågast verdi. Desil 2 er den høgste verdien til dei neste 10 prosentane, osv. Desil 5 er den midterste verdien i datasettet. Den blir også kalla medianen. Desil 10 er den høgaste verdien av alle.


Figur 1:
Pensjon fordelt på desilar. Kvinner




Figur 3:
Trygdetid for utanlandsbuande alderspensjonistar.



Figur 2:
Pensjon fordelt på desilar. Menn



Figur 4:
Talet på alderspensjonistar busette i utlandet.




Tabell 4.
Alderspensjonistar pr.31.12.2007

	Busette i Noreg		Busette i utlandet	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Talet på pensjonistar	354 977	256 461	14 538	13 279
Gjennomsnittleg pensjon i G	2,0675	2,8746	0,7992	1,1906
Gjennomsnittleg pensjon I kroner	145 300	202 000	56 200	83 600
Andel med tilleggspensjon	90,9 %	99,1 %	31,6 %	55,6 %
Gjennomsnittleg tilleggspensjon i G	1,0474	1,9719	0,7411	1,1498
Gjennomsnittleg tilleggspensjon i kroner	73 600	138 500	52 100	80 800
Gjennomsnittleg trygdetid, år	39,7	39,6	16,1	17,9


KJELDE: NAV

Figur 5:
Tilgang og avgang av alderspensionistar busett i utlandet.



KJELDE: NAV

Figur 6:
Gjennomsnittleg pensjon. Alderspensionistar busett i Noreg og i utlandet.



KJELDE: NAV

Få utanlandsbuande har full trygdetid

Om lag 85 prosent av kvinnene og om lag 75 prosent av mennene har ikkje full trygdetid. For busette har over 90 prosent full trygdetid (for desse er desil 1 = 40, som tyder at mindre enn 10 prosent har trygdetid lågare enn 40 år). Dette gjeld både kvinner og menn.

Få av dei utanlandsbuande pensjonistane er fødd i Noreg

Dei utanlandsbuande pensjonistane er delvis folk som er fødte i Noreg, og som har budd her heile sitt yrkesliv, og så flytta til Spania eller Thailand som pensjonistar. Den største gruppa er nok likevel utlendingar som har arbeidd i Noreg nokre år, og så flytta attende til heimlandet. 70 prosent har ei trygdetid på under 20 år, og om lag 20 prosent har full trygdetid – 40 år. Dette tyder på at om lag 75 prosent er utlendingar som har budd i Noreg nokre år, for så å flytte heim att, eller personar som er fødte i Noreg og flytta ut tidleg, medan om lag 25 prosent kan vera folk som har budd og arbeidd i Noreg heile livet, men som flyttar til varmare eller billigare strom i alderdommen.

Nær 30 000 alderspensionistar bur i utlandet

Talet på alderspensionistar busett i utlandet har auka monaleg, frå om lag 5 600 i 1990 til nærare 30 000 i dag (sjå figur 7). Talet aukar med om lag 1 500 i året. Tilgangen har dei siste åra auka jamt frå om lag 2 000 i 2003 til om lag 2 700 i 2007. Avgangen har også auka, slik at veksten har haldt seg stabil.

Ingen auke i den gjennomsnittlege pensjonen for utanlandsbuande


Medan den gjennomsnittlege pensjonen for pensjonistar busette i Noreg har auka jamt frå om lag 1.8G (126 460 2008-kr) til om lag 2,3G (161 590 2008-kr), har den for pensjonistar busett i utlandet vore stabil på i underkant av 1G (70 256 kr), sjå figur 6. At pensjonen for busette har auka, kjem av at dei nye pensjonistane kvart år har hatt høve til å tena opp tilleggspensjon i fleire år enn dei som alt er pensjonert. Sidan dei utanlandsbuande for det meste

Tabell 5.
Oppteningshistorikk for utanlandsbuande alderspensionistar med tilleggspensjon, i alder 67-69 år i 2006, og som byrja oppteninga etter fylte 30 år.¹

Alder første arbeidsår	Talet på pensjonistar	Andel	Gjennomsnittleg oppteningstid
30-34	543	31,2 %	16,1
35-39	408	23,5 %	13,9
40-44	247	14,2 %	10,6
45-49	260	15,0 %	7,9
50-54	104	6,0 %	6,6
55-63	176	10,1 %	5,3
Til saman	1738	100 %	11,9

¹ Ved berre å ta med dei som tok til å tena opp pensjonspoeng etter fylte 30 år, får vi avgrensa populasjonen til hovudsakeleg arbeidsinnvandrarak.

Figur 7:
Talet på pensjonistar og gjennomsnittleg pensjon etter alder ved utvandring.



KJELDE: NAV

berre har budd og arbeid i Noreg nokre år, gjeld ikkje det same for dei. Dei aller fleste bur i land som har gode pensjonssystem, slik at den samla pensjonen er monaleg høgare enn den dei får frå Noreg.

Gjennomsnittleg 12 år med opptjening

Ved å sjå på når dei utanlandsbuande byrja å tena opp pensjonspoeng, og når dei slutta, får vi eit godt bilete av når dei kom, og når dei drog. Om lag 55 prosent byrja oppteninga før fylte 40 år, og gjennomsnittleg oppteningstid er 11,9 år. Vi kan såleis sei at den typiske utanlandspensjonisten kom til Noreg litt under 40 år gammal, og arbeide i om lag 12 år her før han flytta heim att.

To av tre utvandra før fylte 62 år

Aldersfordelinga over når pensjonistane utvandra har to toppar, ein rundt 30 år, og ein høgare frå 62 til 67 år. Om

Tabell 6.
Pensjonistar busett i utlandet. Beløp i kroner er i 2008-kroner.

	Talet på pensjonistar busett i Noreg	Gjennomsnittleg pensjon i G	Gjennomsnittleg pensjon i kroner	Prosentdel med tilleggspensjon	Gjennomsnittleg tilleggspensjon i G	Gjennomsnittleg tilleggspensjon i kroner	Gjennomsnittleg trygdetid
1990	5599	0,8851	62 200	29	0,99	69 800	19,0
1991	6656	0,9676	68 000	33	1,02	71 300	20,2
1992	7344	0,9463	66 500	34	1,02	71 900	20,0
1993	7953	0,9415	66 100	35	1,02	71 600	19,8
1994	8756	0,9263	65 100	33	1,00	70 000	19,2
1995	9778	0,9279	65 200	32	1,00	70 000	18,7
1996	11030	0,9091	63 900	31	0,98	68 700	18,4
1997	12941	0,8710	61 200	30	0,94	66 000	17,8
1998	15056	0,8767	61 600	29	0,91	63 800	17,0
1999	16791	0,8545	60 000	29	0,91	63 700	16,6
2000	18005	0,8403	59 000	29	0,89	62 700	16,2
2001	19303	0,8338	58 600	30	0,89	62 300	16,0
2002	20821	0,8518	59 800	32	0,91	64 100	16,0
2003	22402	0,8776	61 700	34	0,93	65 400	16,2
2004	23953	0,8881	62 400	35	0,92	65 000	16,2
2005	23930	0,8936	62 800	36	0,93	65 400	16,1
2006	26375	0,9896	69 500	41	1,01	70 800	17,2
2007	27817	0,9861	69 300	43	0,99	69 800	16,9

KJELDE: NAV

Tabell 7.

Pensionistar busett i Noreg. Beløp i kroner er i 2008-kroner.

	Talet på pensionistar busett i Noreg	Gjennomsnittleg pensjon i G	Gjennomsnittleg pensjon i kroner	Prosentdel med tilleggspensjon	Gjennomsnittleg tilleggspensjon i G	Gjennomsnittleg tilleggspensjon i kroner
1990	607 119	1,8249	128 200	75	0,94	66 000
1991	609 532	1,8827	132 300	77	0,97	68 300
1992	613 205	1,9109	134 300	79	1,01	70 600
1993	616 006	1,9412	136 400	80	1,04	73 200
1994	615 756	1,9714	138 500	82	1,07	75 500
1995	615 575	2,0089	141 100	84	1,10	77 500
1996	614 910	1,9945	140 100	84	1,12	78 600
1997	615 306	2,0249	142 300	85	1,15	80 800
1998	615 470	2,0939	147 100	86	1,18	82 900
1999	614 429	2,1275	149 500	87	1,21	84 800
2000	610 885	2,1439	150 600	88	1,24	86 800
2001	607 275	2,1627	151 900	89	1,26	88 600
2002	603 233	2,1836	153 400	89	1,29	90 700
2003	601 320	2,2150	155 600	90	1,32	92 500
2004	601 715	2,2483	158 000	91	1,34	94 400
2005	605 407	2,2810	160 300	91	1,37	96 400
2006	607 841	2,3090	162 200	92	1,40	98 600
2007	611 438	2,3334	163 900	92	1,43	100 800

KJELDE: NAV

lag 67 prosent utvandra før fylte 62 år. Naturleg nok aukar den gjennomsnittlege pensjonen med aukande utvandringsalder (inntil om lag 67 år), sidan dei då har hatt høve til lenger oppteningstid (sjå figur 7). For dei som er eldre enn 67 år, går gjennomsnittleg pensjon ned fordi pensjons-

oppteninga byrja i 1967, og oppteningstida går derfor ned med aukande alder fordi ein større del av arbeidslivet var før 1967. Dei som utvandra ved nådd pensjonsalder har ein pensjon om lag på nivå med dei som bur i Noreg.